

NotatDato: 22.08.2016
Arkivsak: 2015/11453-41
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Revidering av fagskuleutdanningane elkraft og bygg ved Bergen tekniske fagskole

27.06.2016 fatta NOKUT vedtak om revidering av fagskuleutdanningane elkraft og bygg ved Bergen tekniske fagskole (sjå vedlegg på siste side). NOKUT har gjennomført eit tilsyn med all teknisk fagskuleutdanning nasjonalt, og det vart henta inn informasjon om tilboda. Vidare vart det bestemt at Bergen tekniske fagskole skulle reviderast fordi NOKUT ikkje fann tilfredsstillande informasjon om innhald og organisering av utdanningane i skulen sine studieplanar, og fordi det for NOKUT er uklart kven som er fagleg ansvarleg ved dei einskilde tilboda. Bygg og elkraft vart valt fordi desse to utdanningane er størst målt i talet på studentar.

16.08.2016 var leiinga ved Bergen tekniske fagskole og leiar for fagskulestyret i eit innleiande møte med NOKUT om bakgrunn for revisjon og prosessen vidare. Følgjande er ein tentativ framdriftsplan for revideringa:

Kva	Beskriving	Når	Ansvar
Vedtak om revidering av utdanningane	NOKUT sin direktør fatta vedtak om revidering	27. juni 2016	NOKUT
Orientering om revidering til Bergen tekniske fagskole	Brev til Bergen tekniske fagskole	29. juni 2016	NOKUT
Informasjonsmøte med Bergen tekniske fagskole	Møte i NOKUT kl. 12-14.	Tirsdag 16. august 2016	NOKUT
Mal for eigenrapport til Bergen tekniske fagskole		August 2016	NOKUT
Forslag til sakkunnig komité	Tilbydar får moglegheit til å uttale seg om komiteens samansetning	August 2016	NOKUT Bergen tekniske fagskole
Oppnemning av sakkunnig komité		September 2016	NOKUT
Frist eigenrapport	Bergen tekniske fagskole leverer eigenrapport til NOKUT	10. oktober 2016	Bergen tekniske fagskole

Fyrste møte for sakkunnig komité	Vurderer eigenrapport og planlegg institusjonsbesøk	Oktober 2016	NOKUT
Institusjonsbesøk	3-4 dagar. Møte med studentar og tilsette m.fl.	Ultimo november 2016	Sakkunnig komité og NOKUT
Rapportutkast klart	Sakkunnig komité leverer si vurdering til NOKUT	Januar 2017	Sakkunnig komité
Tilsvar på rapportutkast	Bergen tekniske fagskole gir sine kommentarar til rapporten	Mars 2017	Bergen tekniske fagskole
Tilleggsvurdering og ferdigstilling av tilsynsrapport	Sakkunnig komité og NOKUT vurderer fagskulen sine kommentarar	April 2017	Sakkunnig komité og NOKUT
NOKUT sitt styre handsamar rapporten	Tilsynsrapport og vedtak	Mai/juni 2017	NOKUT

Ved institusjonsbesøket som er planlagt i november 2016, vil heile eller delar av styret, også verte kalla inn til møte med NOKUT.